

# VEDTEKTER FOR KOMMUNALT NÆRINGSFOND FOR ASKVOLL KOMMUNE

frå 1.1.2018

Vedtekne i kommunestyret 13.12.2017

## **Innleiing**

Nye retningsliner for tildeling av midlar til kommunale næringsfond vart vedtekne 7. mars 2017. Desse er tilpassa endra nasjonale føringar for næringsfondsbruk i kommunane.

Forutan retningsliner gjevne av fylkeskommunen, vil føreskrift for distrikts- og regionalpolitiske verkemiddel frå KMD og retningsliner for distrikts- og regionalpolitiske verkemiddel frå KMD, og det til ei kvar tid gjeldande økonomireglementet for staten, gjelde for tildeling, bruk og forvaltning av kommunale næringsfond.

Årleg tildeling kan verte redusert ved manglande rapportering, bruk av midlar i strid med retningslinene eller ved lite bruk av tidlegare tildelt støtte frå næringsfondet.

Målsettinga er at næringsfondet skal vere eit verkemiddel i arbeidet for å styrke næringsliv og busetting i regionen. Dette skal skje gjennom nyskaping og innovasjon i eksisterande næringsliv og ved etablering av nye verksemdar i regionen.

Vedtekter for Askvoll kommune sitt næringsfond består av:

- §1 Delegert mynde og fullmakt
- §2 Forvaltning og administrasjon
- §3 Vilkår
- §4 Løyvingsføremål og støttetypar
- §5 Avgrensingar
- §6 Utbetaling av tilskot
- §7 Kumulasjonsreglane
- §8 Andre føresegner

## **§1 Delegert mynde og fullmakt**

Kommunestyret har delegert mynde og fullmakt til Komité for plan, næring, miljø og teknikk med til å handsame og vedta alle typar søknadar om tilskot, som skildra i desse vedtektene.

## **§2 Forvaltning og administrasjon**

### Næringsfondet

Næringsfonda i kommunane er samle til eit fond som får årleg tildeling frå Sogn og Fjordane Fylkeskommune etter gjevne retningsliner. Fylkeskommunen får tildelt midlar til kommunale næringsfond frå kap. 551, post 60 i dei årlege statsbudsjetta. Dei ytre rammene for tildeling og bruk av næringsfond forøvrig er gjevne i EØS-regelverk og Staten sitt økonomireglement.

Kommunen er plikta til å forvalte næringsfondet i tråd med gjeldande retningslinjer vedtekne av Sogn og Fjordane Fylkeskommune. Kommunen skal rapportere om bruken av næringsfond via [www.regionalforvaltning.no](http://www.regionalforvaltning.no). Kommunen må rapportere kor mange nye arbeidsplassar førre års tildeling av kommunalt næringsfond har ført til. Rapporteringsfristen er 1. februar påfølgjande år.

Allereie strategisk næringsplan for tidlegare næringsorganisasjon, HAFS Utvikling AS, saman med årleg handlingsplan knytt til denne, vert lagt til grunn som retningsgjevande for bruk av fondet for 2018, og er basert på næringslivet og kommunen sine mål, strategiar og prioriterte tiltak for det langsiktige arbeidet med næringsutvikling i kommunen og regionen forøvrig. I tillegg gjed dei til ei kvar tid gjeldande statlege og fylkeskommunale føringar.

#### Næringsfondsstyret og fullmakt

Næringsfondsstyret utgjir styret for Askvoll kommune sitt næringsfond. For programperioden for 2018 vil dette vere Komité for plan, næring, miljø og teknikk med delegert fullmakt til å handsame og vedta alle typar søknadar om tilskot, som skildra i desse vedtektene. Uavhengig av søknadsbeløp skal og alle ukurante søknadar handsamast av fondsstyret.

#### Administrasjon

For perioden 1.1. til 31.12.2018 vert det næringslivsretta kommunale arbeidet organisert som ein programorganisasjon med assisterande rådmann som programleiar og innleidde delprosjektleiarar. Eventuell bruk/innleige av eksterne konsulentar for kortare engasjement skal skje i tråd med gjeldande innkjøpsreglement.

Programleiar skal gje rettleiing til søkjar til fondet og innhente bistand der dette er naudsynt – både internt og eksternt, slik at søkjar vert best mogeleg ivareteken og søknadane vert godt dokumentert i samsvar med gjeldande krav. Vidare er programleiar sakshandsamar i alle saker knytt til næringsfondet.

#### Søknadar

Kommunale næringsfond (heretter avkorta til KNF) kan berre tildelast på grunnlag av søknad. Kommunen skal ta i mot og behandle alle søknadar i søknadsportalen [www.regionalforvaltning.no](http://www.regionalforvaltning.no). Kommunen pliktar til ei kvar tid å inneha oppdatert informasjon om søknadsmogeleghet til KNF. Det må opplysast om målgruppe, føremålet med ordninga, tildelingskriterium, kva opplysningar som trengst i søknaden og eventuelt søknadsfrist.

Søkjar pliktar å sette seg inn i gjeldane vedtekter for Askvoll kommune sitt næringsfond i forkant av ein søknad. Ved utrekning av kapitalbehov inngår normalt reine pengeutlegg, men eigeninnsats *kan* i einskilde tilfelle inngå i støttegrunnlaget. Utgifter til innleidd hjelp, permisjonar/reduert stilling som kan dokumenterast, kan søkast dekka av næringsfondet. Eigeninnsats for privatpersonar kan prissetast inntil kr. 200,- per time. Dersom tilskotsmottakar er eit rekneskapspliktig selskap som nyttar egne tilsette i form av eige arbeid, må selskapet kostnadsføre eigeninnsatsen i rekneskapet for at det skal kunne vere del av godkjent kostnadsgrunnlag. I slike tilfeller skal eigeninnsatsen prissetast til 1,2 promille av årsløn, maks kr. 600,- per time. Det skal førast timeliste for dokumentasjon.

Søknadar om støtte vert avgjort av Næringsfondsstyret etter tilråding frå kommunen sin administrasjon ved rådmannen. Tilråding skal skje på grunnlag av ei kvalitetsmessig vurdering av kvart einskild prosjekt. Ved behandling av kompliserte saker kan administrasjonen ta kontakt med fylkeskommunen eller andre faginstansar som kan gje rettleiing.

### Tildelingsbrev

Melding om tildeling av tilskot skal vere skriftleg dokumentert, ved eit tildelingsbrev som skal sendast til kvar einskild tilskotsmottakar. Tildelingsbrevet skal innehalde:

- Føremål, dvs. kva tiltak tilskotet skal nyttast til
- Tilskotsbeløp
- Utbetalingsvilkår
- Vilkår for bruken av tilskotet og eventuell frist for mottakar til å akseptere vilkåra
- Krav til rapportering
- Informasjon om kontrolltiltak som kan verte sett i verk
- Mogelege reaksjonsformer dersom mottakar ikkje opptrer i samsvar med føresetnadane for tilskotet
- Informasjon om klagerett
- Tilskotsmottakarar skal skriftleg akseptere at tilskotet er motteke med dei vilkåra som gjeld

### Klagehandsaming

Vedtak om tildeling eller avslag på søknad kan, etter at vedtaket er handsama i fondsstyret, klagast inn for eiga klagenemnd. I Askvoll kommune er dette Formannskapet.

### **§3 Vilkår**

Støtte frå fondet skal gjevast som tilskot.

Tilskot frå KNF skal ha utløysande effekt. Det vil mellom anna seie at prosjekt som er starta opp ved innsending av søknad, ikkje kan tildelast tilskot.

Dersom prosjektet det er gjeve tilskot til vert vesentleg endra, skal det sendast skriftleg søknad til Askvoll kommune om løyve til endring.

Skulle det oppstå forhold som er i strid med føresetnadane for støtta kan næringsfondsstyret avgjere at støtta skal avkortast, eventuelt alt utbetalt tilskot skal innløysast heilt eller delvist.

Som hovudregel vert det gjeve tilskot ein gong til same prosjekt. Unntaksvis kan det gjevast utvida tilskot dersom det skjer vesentlege endringar eller utvidingar av prosjektet.

### **§4 Løyvingsføremål og støttetypar**

#### Generelt

Fondet skal nyttast til tiltak som fremjar næringsutvikling og busetting i kommunen, og skal nyttast som tilskot som utløysande effekt for gjennomføringa.

Verkemiddel kan vere bruk av tilskot til etablering, bedriftsutvikling, investering, regionalt samarbeid, kunnskapsretta infrastruktur og arrangement som profilerer regionen.

Kvinner, ungdom og innvandrarak er ei prioritert målgruppe ved tildeling av midlar frå kommunale næringsfond.

#### Investeringstilskot

Det kan gjevast støtte til investering i bygg, maskiner og utstyr.

Tilskotsprosenten er inntil 30% av totalkostnaden til investeringsprosjektet, på inntil kr. 500 000,-

Beløpsgrenser for samla kapitalbehov skal til ei kvar tid vere i samsvar med fylkeskommunen sine vedtekne beløpsgrenser, for tida kr. 500 000,-

Søknadar med større kapitalbehov skal handsamast av Innovasjon Norge.

Minimumsbeløp for å definere ein kostnad som investering er netto kr. 15.000,- per investeringssøknad. Mindre kostnadar vert vurdert til å vere driftsutgifter og har ikkje rett til støtte.

#### Bedriftsutviklingstilskot

Det kan gjevast støtte til utviklingskostnadar knytt til:

- Etablering (som til dømes utgreiing, næringsutvikling, planlegging, opplæring, rådgjeving)
- Utvikling av verksemd (som til dømes profil/profilering, kurs, produktutvikling, marknadsutvikling, tilrettelegging)

Tilskotsprosenten er inntil 50% av totalkostnaden i prosjektet, på inntil kr. 200 000,-

Beløpsgrenser for samla kapitalbehov skal til ei kvar tid vere i tråd med fylkeskommunen sine vedtekne beløpsgrenser, for tida kr. 200 000,-

Søknadar med større kapitalbehov skal handsamast av Innovasjon Norge.

#### Tilskot til tiltaksapparat og kunnskapsretta infrastruktur

Det kan gjevast støtte til regionalt samarbeid, etableringsopplæring, samarbeid skule/næringsliv og lokale analyser og utgreiingar.

Tilskotsprosent er inntil 100% av totalkostnadane i prosjektet, utan øvre beløpsgrense.

#### Arrangementstønad

Det kan gjevast støtte til arrangement med føremål å:

- Marknadsføre kommunen og regionen forøvrig mot personar som kan tenkje seg å flytte hit, etablere verksemd her eller investere i næringsutvikling i regionen
- Utvikle næringslivet i kommunen for å auke konkurransekrafta
- Profilere fleire verksemdar i kommunen – og regionen, på ein regional, nasjonal eller internasjonal marknad

Tilskotsprosent er inntil 100% av totalkostnadane i prosjektet, utan øvre beløpsgrense.

### **§5 Avgrensingar**

Kommunalt næringsfond skal supplere, ikkje erstatte, andre offentlege støtteordningar for bedrifter. Ei verksemd kan ikkje søkje på fleire prosjekt samstundes for å oppnå støtte ut over maksimal støttesats.

Fondsmidlar kan ikkje nyttast til sanering/refinansiering av gjeld, aksjeteikning, eigenkapital, varekjøp, grunnlagsinvesteringar eller finansiering av ordinær drift av verksemdar eller kommune. All støtte som ikkje er knytt til konkrete utviklingsprosjekt er sett på som driftsstøtte. I bedrifter vil dette gjelde slikt som vedlikehald og utskifting av gammalt utstyr med nytt utstyr av same type.

Tiltak som nyt godt av andre kommunale tilskotsordningar, eller tilskot frå stat/fylkeskommune (inkl. primærnæringsane), skal i utgangspunktet ikkje få tilskot frå fondet.

Det skal visast varsemd med å gje støtte til nyetableringar av detaljhandel og anna serviceverksemd, som kan verke konkurransevridande.

Søknadar som vert vurdert til å ha liten grad av bedriftsutvikling/nyskapingselement vert som regel avslegne. Unntaksvis kan det vurderast å innvilge ei mindre eingongsstøtte.

Støtte til enkeltbedrifter vert gjeve etter reglane for bagatellmessig støtte. Enkeltbedrifter kan ikkje ha motteke meir enn EUR 200 000 i samla offentleg støtte i løpet av dei siste tre rekneskapsåra.

Av midlar som er tildelt kommunalt næringsfond kan maksimalt 5 % av brutto nyttast til administrasjon av næringsorganisasjonen.

### **§6 Utbetaling av tilskot**

Løyving frå fondet skal som hovudregel vere nytta innan eitt – 1 – år frå løyvingsdato. Etter søknad, med grunngjeving, kan næringsfondsstyret forlenge fristen med inntil eitt år.

Utbetaling av tilskot kan delast i to utbetalningar. Delutbetaling skal berre skje på grunnlag av dokumenterte utlegg og rapport som syner til resultat i samsvar med søknad som er lagt til grunn for tilskotet.

Ved oppmoding om sluttutbetaling skal det ligge føre eit prosjektrekneskap og ein skriftleg rapport over prosjektet. Rekneskapen skal kunne samanliknast med kostnadsoverslaget i søknaden, og syne korleis tilskotet er nytta i samsvar med dette. Bedrifter skal og rapportere kor mykje samla bagatellmessig støtte (frå kommune, fylke, Innovasjon Norge og andre) den har motteke dei siste tre kalenderåra. Rekneskapen skal vere attestert av revisor eller godkjend rekneskapsfører.

Sluttrapport skal gje ei framstilling av kva prosjektet har bidrege til i form av utvikling og sysselsetting i verksemda.

### **§7 Kumulasjonsreglane**

Ordet kumulasjon betyr i denne samanheng «fri anvending» og er knytt til frihandelsavtaleverket.

Dersom næringsfondet går inn med støtte er det viktig å merke seg EU regelverket om bagatellmessig støtte, implementering gjennom EØS-avtalen. Det kommunale næringsfondet må sidestilla med anna bagatellmessig støtte. Det er i kvar søknad krav om at dersom støttemottakar får støtte frå meir enn ei kjelde, må støtte frå dei ulike kjeldene leggjast saman (kumulert) slik at ein ikkje kjem over den høgste tillatne støttegrensa.

Søkjjar er difor pliktig til å opplyse om anna støtte som vert gjeve til det same kostnadsgrunnlaget. Dersom ny støtte skal tildelast som bagatellmessig støtte, må føretaket opplyse om kor mykje bagatellmessig støtte føretaket har fått dei siste tre år. Samla offentleg støtte får ein ved å summere tilskot og eventuelle støtteelement i lån, garantiar og andre støtteformer. Kumulasjonsreglane er å finne i kapittel 13 i ESA sine retningsliner for offentleg støtte. Dei gjeld så fremt det ikkje er spesifikke reglar i dei ulike kapitla i ESA sine retningsliner for offentleg støtte.

### **§8 Andre føresegner**

Retningsliner for kommunalt næringsfond vedteke av Sogn og Fjordane Fylkeskommune gjeld til ei kvar tid framfor kommunen sine vedtekter. Kommunen sine vedtekter gjev utfyllande kriterier for vurdering av enkeltsøknadar.